



Årsmelding for år 2013.

Årsmøtet vart halde på Åsvang 14.mars 2013.

Desse var til stades frå styret:

Ivar Hemsing, Ingrid Skavhaug, Jan Sparstad og Oddbjørn Skeie.

Andre som var til stades var Bjørg Berge.

Val av nytt styre:

Leiar:	Ingen leiar, men Ivar Hemsing vart fungerande leiar i august.
Styremedlem:	Erlend Eggen (ny)
Skriverar	Oddbjørn Skeie (ikkje på val)
Kasserar	Jan Sparstad (ikkje på val)
Ungdomsrepresentant	Anneli Tørstad (ny)

Revisorar: Arne Belsheim og Boye Thorpe (attval)

Valnemnd: Bjørg Berge (ny)
Knut Haalien (ikkje på val)

Medlemstal pr. 31.12.2012: 33 stk.

Om instrumenta i laget: I 2011 vart det kjøpt nye boger og ryggsekkar/skrin til å ha på ryggen til tre hardingfeler.

19.november 2012 fekk laget ei fele av styremedlem Oddbjørn Skeie. Denne fela er laga av Ola Grihamar d.e. Han er bestefar til Oddbjørn. Oddbjørn ønskjer at denne fela skal brukast til opplæring av nye hardingfelespelarar i Valdreskvelven. Det vart kjøpt inn ny boge til fela.

I laget sitt eige:

Ein langeleik (er hos Jan Sparstad)

Fire hardingfeler:

- Hardingfeler med boge og skrin - ikkje utleigd. På Åsvang.

- Hardingfeler med boge – Jørgen A. Kvam

- Hardingfeler med boge og skrin – Sigrid Daae Mæland

- Hardingfele med boge og skrin. («Grihamarfela») – Ida Østvold

Tre mindre, ”flatfeler”.

Ein kontrabass

Etter Rockeverkstad i Thorpe: Ein mixar, div stativ, mikrofonar, kablar og to høgtalarar. (Vart henta til Åsvang i 2012)

Her er det mange gode mikrofonar og mikrofonstativ

Satsane for utleige av instrument: kr. 350,00 pr. halvår.

Styremøte: Styret har hatt fire møter. Mykje aktivitet er også blitt organisert med epost og telefonar.

Kappleikar:

Valdreskappleiken:

Øystre Slidre spel- og dansarlag var arrangør. Felegruppa deltok på Valdreskappleiken i Øystre Slidre. Ole Kristian Leithe spela torader(1.plass) og Jørgen Andrisson Kvam spela hardingfele(4.plass) og munnharpe(3.plass).

Valdreskvelven gav eit saueskinn laga av Bente Rogn Wangensteen som vandrepremie i Hardingfele klasse A.

Landskappleiken:

Landskappleiken var i år på Røros. Her kom Jørgen Andrisson Kvam på 6.plass i Hardingfele klasse C.

Landsfestivalen for gamaldans på Løten 17.-21.juli:

Her deltok Ivar Hemsing og Ragnhild Tønsager i dans.

Jørn Hilme-stemnet:

Jørgen Andrisson Kvam fekk 3.plass i Hardingfele klasse C.

Dette året so hadde Valdreskvelven ansvaret for gjennomføring av kappleiken. Tevlingsleiar var Oddbjørn Skeie med Ivar Hemsing som støttespelar. Ingrid Skavhaug og Marit Bakken var konferansierar, og dei saman med mange frivillige frå laget gjorde ein framifrå innsats.

Strunkeveko:

Har ikkje fått tilbakemelding om at det har vore med nokon frå Vang i 2013.

Årsmøte Valdres folkemusikklag. Ivar Hemsing representerte laget her.

Årsmøte FolkOrg: Ingen utsending detta året.

Vangsleik :

Vangsleiken starta denne laurdagen med springarkurs kl 16.30. Her var det om lag 10 deltakarar og god stemning. Ivar Hemsing var instruktør.

18.00 Var det kappleik. Dei som var med var desse: Jan Sparstad, Oddbjørn Skeie, Sigrid Daae Mæland, Alistair Peters, Ingrid Skavhaug, Anne Heidi Kvam Hillestad og Anne Marire Skeie. Alistair Peters vann hovudpremie; Eit saueskinn gjeve av Jan Sparstad.

Kl 19.30 var det konsert med Laura Ellestad på hardingfele. Ho spela mange slåttar med tilknytning til Vang. Ho brukte kjelder frå Trond Eltun, Johan Henrik Kvam og Ola Grihamar.

Kl 21.00 var det dans med felegruppa til Valdreskvelven, Laura Ellestad og Ole Kristian Leite på torader.

Bilder frå kvelden:





Sylvknappen:

Ingen fekk sylvknappen dette året.

Aktivitetar:

Fele

Felegruppa har vore litt mindre aktiv i år. Har vore ein del øvingar i samarbeid med Vestre Slidre spel- og dansarlag. Desse har vore på biblioteket i Slidre.

Trekkspel / Toradar / Kontrabass

Tørstad har også ofte spela til dans rundt om i Valdres. Ikkje faste øvingar i regi av Valdreskvelven.

Langeleik

Ein elev går i Kulturskulen og har Bjørg Berge som lærar. Dei vaksne har framleis ikkje kome i gang med felles speling.

Dansekveldar

Valdreskvelven har heller ikkje i år hatt faste dansekveldar, men me har vore invitert til Vestre Slidre folkemusikk og danselag på dansekveldar. Her har me vore med både dansarar og felespelarar.

Aktivitetslogg:

Felegruppa spela på rakfiskfesten på Kvamshall laurdag 30.november.

Kurs i spel på hardingfelespel med Laura Ellestad og Geir Harald Fodnes i Vestre Slidre på våren 2013.

Igjen vil vi trekke fram, at i tillegg til dei aktivitetane som er nemnd, deltek medlemma i laget på forskjellige måtar; spelar til underhaldning, held kurs, er dommarar, køyrer, er publikum, organiserar og stiller som vaktar på dei store arrangementa i Valdres folkemusikklag, for å nemne noko. All deltaking er av det gode, så tusen takk til alle.

Vang i Valdres, 2014

Oddbjørn Skeie
Skrivar

Ivar Hemsing
Leiar